



Lena Lekven kunne ta heim både 3. premien i klassen under 10 år + årets hovedpremie, ein krabbekokar. (Foto: Kari Marie Austevoll Lyssand)

Fekk fisk - vann krabbekokar

Stor bildeserie: Kystsogedagane opna med vestlandsvêr og fiskelykke i Øyane.

Av: Kari M. Lyssand (<mailto:kari.marie@midtsiden.no>) Søndag, august 20, 2017 - 10:47

Det såg ikkje heilt lovande ut vêrmessig då den offisielle opninga av Kystsogevekene i Os skulle starta. Det regna og bles, men rett før startskotet gjekk av for den årlege fiskekonkurransen så titta sola fram og vêret blei skiftande gjennom heile konkurransen.

Kystsogevekene i Os blei offisielt opna av ordførar Marie Bruarøy på kaien til Bunnpris Vedholmen i Øyane.

Etter det var det klart for fiskekonkurransen der totalt 58 deltakarar hadde meldt seg på.

– Det er ikkje så mange deltakarar som i fjor, men me må nok kunna skulda på vêret denne gongen.

(På same tid laurdag samla nye Osløpet 266 startande i Os sentrum).

– Eg må seia eg er nøgd at det kom så pass mange, seier Magnus Lyssand, leiar i Os Fritidsfiskerlag (Os småfiskarlag skifta namn etter nyttår).

Trass i litt lågare deltaking så mangla det ikkje på engasjement og fiskeglede blant dei frammøtte. Då konkurransen var over to timar seinare så kom store og små fiskarar tilbake

til kaien spent for å veia dagens fangst.

– Som vanleg er det mykje makrell, men me har og sett lyr, hvitting og sild i dag.

Fekk lyr på 2,8 kilo

Dagens største fisk var det Lena Lekven som kom med, ein flott lyr på 2,8 kilo.

Ho kunne då få med seg den ettertrakta hovedpremien, ein krabbekokar.

Det blir i tillegg premiert for mest fisk i kg (1. premie), nestmest fisk (2. premie) og den største/tyngste fisken i kvar aldersklasse (3. premie).

Resultatlistene

Hovedpremie/tyngst fisk i alle klasser: Lena Lekven

Under 10 år

1. premie: Henrik Lid
2. premie: Felix Hagevik Vedholm
3. premie/tyngst fisk: Lena Lekven

10-16 år

1. premie: Tobias Austevoll Lyssand
2. premie: Viktoria Flatebø
3. premie/tyngst fisk: Tobias Austevoll Lyssand

16 år+

1. premie: Evy Renate Fyllingen
2. premie: Roy Søderlund
3. premie/tyngst fisk: Evy Renate Fyllingen

• Midtside samleside: Alle våre saker om [jakt og fiske](http://www.midtsiden.no/category/artikler/sport/fritid/jakt-og-fiske) (<http://www.midtsiden.no/category/artikler/sport/fritid/jakt-og-fiske>)

0 kommentarer

Sorter etter Eldste



Legg til en kommentar ...

[Programtillegg for Facebook-kommentarer](#)